



Garden Børsheim med husmannsplassen Kvemmadokkje

Hordaland sin kandidat til nasjonal kulturlandskapspris 2014




- ◆ *Tradisjonell husdyrdrift med kjøtproduksjon av storfe og sau*
- ◆ *Skjøtsel av kulturlandskap*
- ◆ *Formidlingsarena om husmannsvesenet, gardsdrift og pleie av kulturlandskapet*
—både for skuleelevar og vaksne
- ◆ *Arena for konsertar, teater og andre kulturarrangement*
- ◆ *Ekskursjonsmål for privatpersonar og næringsliv*
- ◆ *Serverer lokal mat og drikke*
- ◆ *Reiselivsbedrift som tilbyr overnatting og opplevingar*
- ◆ *Samarbeider med det lokale næringslivet i bygda*
- ◆ *Nettverksbygger*

Bygda Ulvik

Heilt inst i Hardangerfjorden ligg Ulvik — ei bygd kjend for fruktdyrking og turisme.

Til Bergen er det 15 mil med bil, og til Voss 4 mil.

Børsheim ligg 5 km frå sentrum i Ulvik, Brakanes. Ein tek av riksveg 572 etter om lag 4 km, og held fram på Byrsevegen 1 km til ein er framme på garden.





Eigarane

Toril Lunde Børsheim (66) og Johan Børsheim (67) driv garden Børsheim. Dei overtok garden i 1974, og drifta i 1978.

Toril er utdanna ved lærarhøgskule og idrettshøgskule. Ho jobbar ved Brakanes barne- og ungdomsskule. Johan er utdanna agronom og skogteknikar i tillegg til veterinær. Han arbeider som praktiserande veterinær i Ulvik og nabobygdene.

Dei har tre vaksne søner som har vore og framleis er med og hjelper til med drifta. I dag er garden samlingsplass for storfamilien, der slekt og vener tek del i arbeidet.

Begge to er i tillegg aktive i idrettsarbeidet i bygda. Dei fekk Ulvik herad sin Kulturpris i lag i 2010 for innsatsen for idrett og kultur, og arbeidet med Kvemmadokkje. Dei er æresmedlemer i Ulvik Idrottslag. Johan var òg nominert til Eldsjelprisen under Idrettsgallaen 2008.

Garden

Børsheim (63/1) i Ulvik i Hardanger ligg på eit sørvendt platå på 230 m.o.h. Innmarka ligg frå 180-300 m.o.h. med kupert og delvis brattlendt terreng. Ein relativ tungdriven gard, der nyare driftsformer vert kombinert med tradisjonsbunden drift.

Husmannsplassen Kvemmadokkje ligg 200 meter vest for hovudtunet, om lag 250 m.o.h.


Det høyrer to stølar til garden, Skitnasete (hovudstølen) og Snipo.



Areal

Børsheim har 270 dekar innmark; 90 dekar av dette er dyrka og overflatedyrka, 80 dekar er beite i kulturlandskap, og i tillegg er 100 dekar i lauvskog og noko granskog, som òg vert nytta til beite.

Utmarksarealet er om lag 500 dekar produktiv skog og 1000 dekar fjellareal. I 1981 vart mesteparten av nabobruket (63/2) kjøpt som tilleggsjord.



Gardsdrift

Då eigarane overtok i 1978 var det seks mjølkekyr og 15 vinterfôra sauer. Det vart nytta tohjuls-traktor og hest til arbeidet ute. Mesteparten av fôret vart hesja.

I dag vert det drive tradisjonelt jordbruk med husdyr og noko ved- og skogsdrift. Det er 40 vinterfôra sauer og vel 20 storfe (kalvar, kviger og oksar). Det var mjølke drift med kvote på 55000 liter fram til kvoten vart leigd bort i 2009.

Eigarane har grøfta og kultivert mykje av slåtteearealet. Hesjing er framleis noko dei driv med på Børsheim for å få høy til dyra, og hesjene er oftast plasserte kring tunet i Kvemmadokkje. Men mesteparten av fôret vert lagt i tårnsilo med bruk av traktor, fôrhaustar og Vossakasse.

Det har alltid vore lagt vekt på god kantslått, og slått av utkantar. Difor er òg slåmaskin og ljå mykje brukt. I ljåslåtten vert både lang- og stutturv brukt, og alle utkantar vert pussa. I tillegg vert og ein del av beiteområdet slått med ljå.



Tillaging av hes, fôrhausting i bratt terreng og hesjer i Kvemmadokkje.





Over: Syskenbarnet Torjus og sønene Hallvard, Sjur og Torkjell i slåtten. Bryning av ljå. Under: Hesjing med god hjelp, og bruk av tohjulstraktor i turrhøyinga.



Fram til 1960-åra vart mykje av dei noverande beita i kulturlandskapet og i edellaavskogområdet i Grosdalen nytta som skrapslått. Syster til Johan, Gunnvor Børsheim Lindland, har skrive om skrapslåtten (utkantslått) på Børsheim i 50-60-åra (vedlegg 1).

I dag vert deler av innmarka beita av sauer og storfe om våren og hausten, og av oksekalvar om sommaren. Utmarksområda kring stølane vert òg beita av sau og storfe. All gjeting og flytting av dyr skjer til fots, utan bruk av hund eller moderne køyretøy.



Toril med sauer på Gjerdshaugen, med fjelltoppen Vassfjæro i bakgrunnen.



Dyr som beitar på stølen Skitnasete (under) og på innmarksbeite i Aosen (over).





Dyr som beitar på Gjerdshaugen (over), Aosen (under t.v.) og i Bjørkehaugen (under t.h.).





Skogsdrift

Bruket har om lag 500 dekar produktiv skog. Det er planta med gran og naturleg furu. Det er i tillegg mykje lauvskog på innmarksareal.

Det vert hogt noko gran og furu årleg. Dei siste åra har det vorte mest furuhogst til tømmer, brukt til rehabilitering og nybygging i Kvemmadokkje. Vedhogst vert det òg, som del av rydding og pleie av kulturlandskap og beiteområde i innmarka.

I skogsområda har eigarane bygt vegar både i innmark og utmark, mellom anna traktorveg til stølen Skitnasete.

Over og under t.v: Johan i skogen; både traktor og snøskuter vert nytta til heimkøyring av tømmer. Under t.h: Lagring av tømmer til bruk på garden.



Stølane

Skitnasete er hovudstølen på Børsheim og ligg fire kilometer frå garden, 530 meter over havet. Dei tidligare stølshusa brann ned i 1984, og to nye hus vart sette opp i 1985. Stølsområdet (på dialekt kalla stølstreet) som ligg rundt husa vart slått fram til 1953, medan dette no er beiteområde for storfe og sauer.

Sommarstølen Snipo ligg lenger opp i lia, om lag 720 meter over havet. Stølen vart bygd oppatt på gamle tufter i 1988, og har sidan vore ende-stasjon for buføringa av sauene kvar sommar.

På Skitnasete var det stølsdrift fram til midt på 60-talet. Faster (tanta) til Johan, Maria Børsheim, var der om sommaren og mjølka kyrne. Johan og syskena hans fekk vera med der i oppveksten. Framtidsplanane for plassen er rydding og inngjerding av stølstreet slik at ein lettare kan samla dyra.



Under f.v: Skitnasete i vinterdrakt, Snipo om hausten, og buføring i Skitnasetlia. Over: Johan med sauene på Snipo



Bygningsmassen

Dei opphavlege bygningane på garden vart sette opp etter utskiftinga i 1895 då dei gamle klyngetuna vart erstatta med nye gardstun. I 1910 vart garden kjøpt av Sjur Olai Bolstad – bestefar til Johan. Far til Johan, Sjur Sjursson Børsheim, tok gardsnamnet og heldt fram med drifta. Våningshus, løe, vedhus og mosstove (eldhus) har vore i bruk slik dei vart bygde, heilt fram til 1980.

Eigarane har nærmast hatt kontinuerleg byggeaktivitet sidan dei overtok drifta i 1978. Ny driftsbygning for storfe og sau vart sett opp i gardstunet i 1981. I 1990-åra vart det utført restaurering og påbygg på våningshuset. Vedhuset og mosstova i hovudtunet vart òg bygd opp att i same byggestil som opphavleg, mellom anna med rastatak. I tillegg reiste dei eit reiskapshus like ved tunet.

I 1991 vart det bygd ei hytte nedanfor tunet i Kvemmadokkje, som no er nytta til utleige. I 1998 starta ei omfattande restaurering av bygningsmassen på husmannsplassen.



Hovudtunet med vedhus og mosstove.

Kvemmadokkje med utleigehytte, mosstove, grindbygg og husmannsløe.





Garden Børsheim på 1930-talet. I dag har våningshuset fått påbygg og vorte restaurert, og ny driftsbygning har erstatta den gamle.



Kvemmadokkje

Husmannsplassen på garden Børsheim er frå omkring 1820, då den fyrste husmannen busette seg der. Ein husmann var ein som leigde jord på garden, men eigde husa. Den fyrste husmannskontrakten på garden er datert 1832.

Den fyrste husmannen, Johannes Arnesen, kom frå Ytre Ålvik i Kvam – han var ein «kvemming». Sjølve plassen låg i eit søkk i landskapet, ei «dokk» – og dermed fekk plassen namnet «Kvemmadokkje». Arnesen døydde i 1865, og enka og borna utvandra til USA. Ved skifte av husmann i 1870-åra, vart det gjennomført ei større utbygging av husa. Det vart bygd på den opphavlege husmannstova til eit 1 ½ etasjes stovehus med løe og fjøs innåt. Ei mosstove vart òg sett opp i tunet.

Den siste husmannen Gunnar Børsheim dreiv Kvemmadokkje fram til midt i 1930-åra. Han hadde fire kyr og ti sauer, ein heller stor husmannsplass. Den siste tida dreiv han òg husmannsplassen Gjerdeshaugen som låg like ved.

Yngste dotter til siste husmannen, Guri, arbeidde som syerske i Bergen. Ho flytte heim i 1920-åra for å stella dei gamle foreldra. Då dei døydde fekk ho burett på plassen, og ho budde i stova til 1967. Guri gjekk bort i 1970, og garden overtok husa.

Far til Johan var heile tida oppteken av å ta vare på husa for ettertida. Det vart mellom anna lagt nytt platetak på våningshuset i 1972. Dette berga nok bygningen fram til 1998, då dagens eigarar starta ei større restaurering. Murane heldt på å falla ut; det var vera eller ikkje-vera for plassen.

Restaureringa vart gjennomført i tre byggesteg: Fyrst vart gråsteinsmurane på alle husa mura opp att, deretter skifta ein bordkledning. Dei nye kledningane er innsette med milebrend tjøre. Til sist vart det lagt nytt rastatak, slik taket var opphavleg (skifertak av Sollesnesstein). Tunet vart òg pussa opp med nye steinmurar bak husa og langs vegen til tunet. Dette arbeidet var ferdig i 2003.

Heile restaureringa vart støtta med STILK-midlar frå Fylkesmannen si Landbruksavdeling i Hordaland, og kulturvernmidlar frå Ulvik herad.

Før restaureringa.



Ny gråsteinsmur på fjøs og løe.



Løa ventar på ny kledning. Ein ser grindbyggstrukturen.



Arbeid med nytt rastatak på stovehuset.

Toril og Johan var aktive pådrivarar i restaureringa. All material vart teken ut i eigen furuskog og saga på bygdesag. Det vart lagt vekt på at alt arbeid var i samsvar med den gamle byggeskikken, og kompetente fagfolk gjorde dette mogeleg.

I perioden 2007–2009 vart deler av stovehuset utbetra for å kunna nytta det til utleige og arrangement. Det vart bora etter grunnvatn, laga nytt avløp, nytt kjøken, vassklosett og dusj, nytt elektrisk anlegg, og to nye soverom på loftet. Alt vart gjort skånsamt med omsyn til arkitekturen, og mesteparten av huset er slik som det var for 200 år sidan. Arbeidet vart støtta av Innovasjon Norge, og var eit viktig og naudsynt tiltak for å kunna utvikla den kulturbaserte næringa på garden.



Over: Husmannstova med opphavleg inventar.

Under: Moderne kjøken, nytt soverom på hemsens, dusj og WC i det gamle vedskjulet.



Grindbygget

I 2010–2012 vart det ført opp eit grindbygg i tunet. Dette bygget skulle visa gamle byggetradisjonar i ny drakt samstundes som det skulle vera eit viktig tilskot til husmannsplassen som kulturarena. Laga av eige, sjølvhogt tømmer og med røter i gamle byggemetodar, er det 5 m x 13 m store huset ein både tradisjonell og moderne konstruksjon. Med isolerte veggjar, torvtak, peisomn og golvvarme kan bygget nyttast til servering og samkome heile året. I tillegg har det sceneopning i to retningar, og kan såleis fungera som arena for konsertar og framsyningar. Det vart òg sett opp ein utepeis.





Under: Reising av grindar på grindbygget. Over: Sjur og Johan jr. legg torv på taket.



Grindbygget i Kvemmadokkje er resultat av Johan si interesse i gamal byggeskikk. Våren 2010 deltok han på eit grindbyggkurs i regi av Vestnorsk Kulturakademi og seinare same år, i oktober, var 10-15 deltakarar med på eit liknande kurs i regi av akademiet i Kvemmadokkje. Då vart reisverket av grindbygget sett opp, i tråd med gamal byggeskikk der ein berre nytta trenaglar i konstruksjonen.

Arbeidet med grindbygget vart utført av innleigde fagfolk, stor eigeninnsats og i tillegg hjelp av familie og vener. Arkitekten Knut Myklebust var fagleg konsulent for utforminga av grindbygget.

I 2011 gjennomførte Johan også eit halvårskurs i «Bygningsvern og byggeskikk» ved Vestnorsk Kulturakademi og Universitetet i Bergen. Kurset tilsvare 15 studiepoeng og resulterte i ei skriftleg semesteroppgåve om husmannsvesenet generelt og husmannsplassen i *Aosen* – ein annan husmannsplass som høyrer til garden Børsheim (vedlegg 3).



*Samansetjing av grind med trenaglar (over).
Tillaging av emne til snedband (under).*



*Grinder og takstolar på plass (over).
Det vert nytta trenagle i staden for spikar (under).*



Pleie av kulturlandskapet

Dei siste 25 åra har familien Børsheim utført ei omfattande rydding og kultivering av beite og kulturlandskap på innmarka. På garden finst mykje gamal hagemark og beiteareal med edellauvskog. Ein del av desse områda var skrapslåttområde i tidlegare tider. No er det beitedyra som i hovudsak steller småvegetasjonen.

Grosdalen er eit bratt og kupert område nedanfor gardstunet mot nabogarden Sponheim. Det er eit typisk edellauvskogområde med stort biologisk mangfald. Varmekjære treslag som hassel (hatl), alm, eik, ask og lind dominerer. Det er ei grøderik li som vert pleia fagmessig.

Dei mange styvingstrea i Grosdalen gjer dette til eit verdfullt område. Hatlestuvar vart før i tida nytta til å laga tunneband som mellom anna vart sende til Bergen; ask og alm på si side var ein stor fôrressurs på bruket. I dag vert desse trea styva og pleia.

Gjerdshaugen som ligg vest for Kvemmadokkje er eit spesielt hagemarksområde. Eit ope landskap med gode beitetilhøve som spesielt er prega av gamle stubbjørker.

I Aosen nordvest for Kvemmadokkje mot utmarka ligg ein husmannsplass der berre tomtene står att. Siste husmannen budde her til 1920 (vedlegg 3). I området kring denne plassen er det eit ope kulturlandskap med fleire gamle åkrar frå husmannstida. I dag vert dette brukt som innmarksbeite både for storfe og sau der vekselbruken gjer at vegetasjonen vert regulert på ein berekraftig måte.

For Toril og Johan har arbeidet med lauvskogen i beiteområda på innmarka hatt særleg prioritet. Dei siste åra har dei hatt fokus på å rydda undervegetasjonen og å setje att ein del store tre for å oppretthalda mangfaldet i området. Særleg er dei opptekne av å rydda med varsemnd og med tanke for framtida.





Pleie av kulturlandskapet i innmarka på Gjerdshaugen.



Rydding av kvist. Alle generasjoner er med på arbeidet.





Ryddet kulturlandskap på Gjerdeshaugen.

I dag er det vorte grønt og frodig, og gjev gode beite.



Johan fortel gjester om rydding av området.



Rydding av stiar i utmarka

Som mange stader elles i landet, har storfebeitinga minka og lauvskogen vokse til i utmarka. Systematisk rydding av stiar har difor vorte heilt naudsynt. Med god hjelp av familien har Johan stått for å rydda og opna opp stiar for folk og beitedyr i områda kring stølane Skitnasete og Snipo, og til dei nærliggande områda Litlastøl, Gunnarsete og Angerskleiv.

Ryddinga og vedlikehaldet inneber kontinuerleg innsats. Arbeidet vert utført manuelt, ved hjelp av motorsag og anna handreiskap. Stiane vert rydda i god breidde med rikeleg plass til ferdsel i marka.



Rydding av sti i lia over Skitnasete.



Gardsbesøk for skuleelevar

Formidling er ein viktig del av ivaretakinga av tradisjonane kring Kvemmadokkje, då særleg til born og unge, som veks opp i eit stadig meir moderne samfunn.

Som lærar på Brakanes skule, har Toril laga eit eige opplegg for elevane om husmannsplassar i Ulvik. Elevar frå femte til sjuande klasse vert tekne med på ekskursjon i bygda, der Kvemmadokkje er ein naturleg stoppestad. Vandringa går gjennom eit variert kulturlandskap mellom husmannsplassane. På turen får dei ei innføring i husmannsvesenet og får innblikk i korleis husmannsfolka levde (vedlegg 2).

I tillegg har Toril eit opplegg med elevar der dei får vitja garden og fjøset i lamminga om våren. Her får dei læra om drifta og husdyrhaldet, og får vera vitne til at små lam kjem til verda. Sjølv i ei jordbruksbygd som Ulvik er dette ofte det fyrste møtet mange elevar har med fjøs og husdyr.

I gardstunet ligg mosstova, der ein bakar i vedfyrt omn etter gamal skikk. Her får elevane òg vera med på å baka flatbrød og krotakake.

Toril og Johan er medlem i *Inn På Tunet* i Hordaland. Dei ynskjer å leggja til rette for at fleire skal kunna oppleva eit besøk på ein levande gard, og dette er noko dei vil utvikla vidare.



Det er mykje å oppleva i Kvemmadokkje og Børsheim, både for store og små.



Tradisjonsmat

Børsheim har to mosstover: ei i gardstunet og ei i Kvemmadokkje. Begge er restaurert etter gamal skikk, med rastatak og ny kledning oppå gamle murar. Desse nyttar familien til å laga tradisjonsmat.

I mosstovene finst vedfyrte omnar. Når Toril og dei andre skal baka er Johan fyringsansvarleg; å fyra riktig er ein kunst. Det tek tre-fire timar å få god varme i omnen, og det er viktig å halda jamn varme – spildra oreved er best.

Handverket med å baka krotakaker og flatbrød har gått i arv; Maria, faster til Johan, mor hans, og Guri i Kvemmadokkje, baka og steikte og lærde opp ungfolket. No er det Toril og Johan og neste generasjon som held tradisjonen ved like.

I slaktesesongen vert mosstovene òg nytta til røyking av kjøt til eige bruk, som fenalår og pinnekjøtt.

Kveldsstemming der Toril og Johan bakar i mosstova i Kvemmadokkje.





Torkjell serverer i grindbygget.



Gjester i Kvemmadokkje (t.v. og under).



Utvikling av kulturbasert næring

Restaureringa av Kvemmadokkje viste potensialet plassen hadde for å kunna vera ein særeigen og allsidig arena for kunst og kultur. Toril og Johan valde å opna opp for ålmenta, og tilbød omvising og historieforteljing om livet på garden og husmannsplassen i fortid og notid. I tillegg til å invitera skuleklasser, vart reiselivet ei spesiell målgruppe.

Idèen om å gjera kulturen til ei næring på garden vart sett i verk i 2006. Då starta ein opp med *Husmannstovetreff*, og det har vorte ein fast tradisjon kvar sommar sidan. På Husmannstovetreffa vert det arrangert konsertar, teaterstykke eller foredrag. Då nyttar ein den heimelaga utescena, der publikum sit i tunet og ser framsyninga omkransa av fjella rundt. Ramma rundt arrangementet er i husmannslivet si ånd, med sal av ekte husmannskost, som spekesild, rømme, løk og potet, vassgraut og krotakaker.

Det har vore skipa til ulike arrangement i Kvemmadokkje kvart år frå 2006–2013. Kjende artistar og personar har drege eit stort publikum til tunet og garden. Mange av tilskippingane har samla 400–500 tilskodarar i tunet, og heile 1200 på det meste – det er fleire enn innbyggjartalet i Ulvik herad!

I tillegg til større arrangement, tek vertskapet imot grupper og lag på husmannsplassen. Etter omvising i dei ulike bygga vert det servert mat og drikke, der vertskapet fortel om plassen og soga om husmannsvesenet. Dei tilbyr òg overnatting i Kvemmadokkje, både i husmannstova og i hytta nedanfor tunet.

Som ein av dei første vitjingane på husmannsplassen, hadde Nordisk Kulturlandskapskonferanse i 2003 Kvemmadokkje som ein av besøksstadane. Garden, drifta og husmannsplassen vart presentert ved at Johan hadde innlegg på konferansen om arbeidet og planane vidare.

Den 16. og 17.mai 2013 hadde Kvemmadokkje vitjing av «Alt for Norge», eit realityprogram på TV Norge, der 12 personar frå USA finn sine norske røter. Dei fekk utlevert bunader, hadde utandørs 17.maifrokost saman med familien Børsheim, og tok del i feiringa i bygda.

Eigarane har serverings- og skjenkeløyve, har godt samarbeid med reiselivet i bygda, og er medlemmer i Ulvik Næringslag. Eitt av samarbeida er rundturen "Levande gardar i Ulvik" i lag med Ulvik Frukt & Cideri (vedlegg 4).

Selskap i grindbygget. Toril fortel.



Gjester i tunet (over). 17.maifrukost 2013—"Alt For Norge" (under).





2006, juli

Det første **Husmannstovetreffet**.

Statsstipendiat Guttorm Rogdaberg fortel om husmannslivet. Lokale kulturaktørar underheldt med song, spel og dans.



2006, september

Ibsenvandring i regi av Ulvik Poesifestival og Brakanes barne- og ungdomsskule. Folkevandring til garden.

Skuleelevar vart aktiviserte og framførte tekstar og drama frå Ibsen sine verk. Song og musikk frå utescena av lokale artistar og Bergen Byspill som m.a. framførte deler av Peer Gynt i Kvemmadokkstunet.



2007, august

Teater på låven.

«**Markens Grøde**», Låvetour av Visjoner teater med Juni Dahr og Gard B. Eidsvold. Tre framsyningskveldar på låven à 250 i publikum. Alle sat på høypallar. Ei stor oppleving!

Husmannstovetreff med lokale aktørar og servering av husmannskost i forkant.



Juni Dahr lokkar publikum inn. Gard B. Eidsvold i låvedøra!



2008, juli

Husmannstovetreff.

Konsert med **Valkyrien Allstars**.

Tuva Livsdatter Syvertsen, Erik Sollid og Ola Hilmen.



2008, september

Opning med Ulvik Poesifestival.

Markering av 100-årsjubileet til Geir Tveitt og Olav H Hauge.
Tingingsverket «**Hei, Hauge**», eit teaterband prosjekt, framført av
Juni Dahr, Tore Brunborg og Thomas Strønen.

Forfattaren Thomas Espedal las egne tekstar.



2009, juli

Husmannstovetreff.

Konsert med **Nordic Tenors** og kapellmeister Sjur Hjeltnes.



2009, august

Utandørskonsert.

Alexander Rybak band og **FRIKAR dance company** med Ådne Kolbjørnshus, Sigbjørn Rua, Torkjell Lunde Børsheim og Andreas Ljones. Rybak og FRIKAR var Norges bidrag og vinnar av Eurovision Song Contest 2009 i Moskva.

Over 1200 (!) i publikum.



2010, juli

Husmannstovetreff.

Konsert med **Arja Saijonmaa**. Arja viste finsk sisu og gav alt til tross for uver i andre avdeling av konserten.



2011, juli

Husmannstovetreff.

FRIKAR dance company med danseframस्याinga «Snuff Grinders».

Eit danserisk møte mellom kulturane frå brasiliansk capoeira, amerikansk hip-hop og norsk folkedans.

*Publikum under konserten med Alexander Rybak og
FRIKAR i 2009!*





2012, august:

Husmannstovetreff.

Konsert med **Leif Ove Andsnes** og **Eldbjørg** og **Ragnhild Hemsing**.



2013, juni:

Utandørsteater.

«**Jeanne d`Arc**» av Visjoner Teater, med Juni Dahr og musikal Chris Poole.

Elisabeth Aasen fortalte om «Visjonære kvinner i mellomalderen» i forkant.



2013, september

Innandørsteater.

Songspelet «**Ervingen—Ivar Aasen**» av Vinje Produksjonar. Gunnstein Akselberg heldt foredrag om Ivar Aasen.

Markering av Kulturminnedagane og Språkåret i Ulvik.



Leif Ove Andsnes på utescena i Kvemmadokkje.

Vegen vidare og framtidsvoner

- ◆ Gjera garden til eit levebrød i framtida der tradisjonell jordbruk/husdyrdrift med skjøtsel av kulturlandskap vert halde i hevd, og med husmannsplassen Kvemmadokkje i sentrum.
- ◆ Ta imot gjester til omvising på garden og i Kvemmadokkje.
- ◆ Byggje nytt kjøken til grindbygget for å gjera det enklare å ta imot selskap med tanke på servering.
- ◆ Vitjing med vandring i det omkringliggjande kulturlandskapet.
- ◆ Merking med infotavler og skilting av stiar som kan nyttast til vandring på eige hand i kulturlandskapet, i innmark og utmark.
- ◆ Meir vekt på å læra og informera ungdom/skuleelevar om fortida og naturen og dagens drift på garden.
- ◆ Restaurera og innreia grindverksløa på husmannsplassen. Spesielt med tanke på å visa utstyr frå eldre tid.
- ◆ Kunna syna korleis ei moderne drift kan sameinast med å ivareta eit biologisk mangfald i kulturlandskapet.
- ◆ Eigarane har fått laga ein presentasjonsvideo der spesielt husmannsplassen Kvemmadokkje kjem godt fram. Den syner arrangement og vitjingar (vedlegg x).
- ◆ Arbeida med å få plassen attraktiv som kunstnarbustad
- ◆ Yngste son på garden, Torkjell, er klar til å overta drifta om få år. Han er utdanna veterinær, og som utøvande dansar er han i tillegg kulturinteressert. Han har interesse av å halda fram med å utvikla arbeidet på garden, spesielt med omsyn til kulturbasert næring.





Tildelinger

- ◆ 1998: STILK-midler
Gjerdshaugen
- ◆ 1999: STILK-midler
Gjerdshaugen og Bjørkehaugen
- ◆ 1999: STILK-midler
2 bakkemurar ved Kvemmadokkje
- ◆ 1999: STILK-midler og kulturvernmidlar Ulvik herad
Murar og kledning på stovehus, løe og mosstove
i Kvemmadokkje
- ◆ 2001: STILK-midler
Rastatak stovehus i Kvemmadokkje
- ◆ 2001: STILK-midler og kulturvernmidlar Ulvik herad
Gjerdshaugen og Bjørkehaugen
- ◆ 2002: STILK-midler
Grosdalen 1, Grosdalen 2
- ◆ 2009: SMIL-midler
Grosdalen 3. Ikkje ferdigstilt.
- ◆ 2007–2009 og 2010–2012
Alt arbeid med innvendig restaurering i 2007–2009 og grindbygget er
utført av eigar og innleigde fagfolk.
Det er støtta av Innovasjon Norge og Ulvik Herad



*Utdeling av Hordaland fylke sin kulturlandskapspris oktober, 2013.
Eigarane og fylkesmann Lars Sponheim.*

- ◆ 2010
Ulvik Herad sin kulturpris
- ◆ 2013
Hordaland fylke sin Kulturlandskapspris

Vedlegg

- 1) Skrapslått på Børsheim 1950-1970
v/ Gunnvor Børsheim Lindland
- 2) Husmannsplassar — Ei ekskursionsrute
v/ Toril Lunde Børsheim
- 3) Byggevern og bygningsteknikk, husmannsplassen Aosen
v/ Johan Børsheim
- 4) Kulturoppleving i Ulvik — Levande gardar
- 5) Videopresentasjon av husmannsplassen Kvemmadokkje.
- 6) Ulike avisutklipp

Bilete

Reinhold Kager

side 1,5,16,17,22,25,26,31,33,34,36,37,38,40

Avisa Hordaland

side 5,29

Bjørn Senderud

side 32

Svein Ulvund

side 12

Alle andre bilete er tekne av familien Børsheim.

Utforming av heftet:

Torkjell Lunde Børsheim

for Kvemmadokkje Husmannsplass © 2014

Les meir om staden på

www.kvemmadokkje.no

www.facebook.com/kvemmadokkje

